



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2302 - 17/23797

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
29.11.2017

## Godkjenning- Tilkopling til kommunalt vass og avlaupsnett på gbnr 22/106

**Administrativt vedtak. Saknr: 339/2017**

### Saksutgreiing:

Fløysand VA AS v/Terje Fløysand har med fullmakt frå tiltakshavar Rudi Fureli i søknad journalført motteke 7.11.2017 søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad på eigedomen, gbnr 22/106 på Mjåtveit.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vass og avlaupsnettet via privat leidning som går frå bustaden på 22/106, mot kommunal kum i fylkesvegen, sjå vedlagt situasjonskart som viser leidningstraseèn.

### Vurdering:

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen blir tilknytt det kommunale vass og avlaupsnettet.

### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring frå Fløysand VA AS, jf pbl § 23-3.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustaden på eigedomen gbnr 22/106 blir tilknytt kommunalt vass- og avlaupsnett i samsvar med søknad, journalført motteke 7.11.2017, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Tilkopling skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret kr. 20 000,- for vatn og kr. 20 000,- for kloakk +mva (totalt kr. 40 000,- +mva)

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter.»

\*\*\*\*\*

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tilkopling offentleg vatn  
kart  
ansvarsrett